

**VEDTEKTER FOR MIDLAR SOM VERT AVSETT TIL OPPHJELP AV  
FISKET I LUSTER KOMMUNE I SAMBAND MED LØYVE TIL  
UTBYGGING AV JOSTEDALSVASSDRAGET M.V.**

Med heimel i kgl.res. av 29. juni 1984 post 18 III har Direktoratet for vilt og ferskvassfisk den ..... godkjent følgjande vedtekter for bruken av det årlege beløp til opphjel্প av fisket på kr. 50.000,- som er avsett til Luster kommune i samband med utbygginga av Jostedalsvassdraget.

§ 1

Midlane skal nyttast til opphjel্প til fisket i Luster kommune og nyttast til konkrete fiskefremmande tiltak slik kommunestyret bestemmer.

§ 2

Midlane skal verta forvalta av kommunestyret. Kommunestyret sitt vedtak om bruken av midlane høyrer inn under fylkesmannen sin kontroll etter kommunestyreløva §60.

§ 3

Innlandsfiskeriemnda skal i samband med det årlege budsjettarbeidet koma med framlegg til bruken av midlane. Under dette arbeidet skal innlandsfiskeriemnda ta kontakt med myndigheitene for ferskvannsfiskeriane.

§ 4

Dersom det kjem på tale å nytta noko av midlane til viltstelltiltak, så skal det takast kontakt med fylkesmannen før det vert fatta vedtak om det.

§ 5

Om det på budsjettet eit år vert att unytta midlar, skal desse midlane og rentene av desse automatisk førast over på neste år sitt budsjett og leggast til tilskotet for neste år.

§ 6

Vedtektene tek til å gjelda straks.